



UTGREIING:
- Overskotsmassane frå ein tunnel vil ha ein salsverdi, og me ønskjer å greie ut kor vidt det er mogleg å utnytte dette kommersielt, seier seksjonsleiar i Statens vegvesen, Gunnar Söderholm (over).

RAS: I slutten av februar skal Statens vegvesen leggje fram si tilråding på korleis ein skal verne stamvegen mot det rasfarlege fjellmassivet ved Hylland i Gudvangen. Bilete er teke i etterkant av det store raset i byrjinga av september i fjor.

Tunnelbygging kan gi kommersiell mineralomsetning

Dersom rasproblematikken i Nærøydalen vert eliminert gjennom bygging av ein om lag fem kilometer lang tunnel mellom Hylland i Gudvangen og Fyre i Voss kommune vil det automatisk kunne medføre uttak av så mykje som ein million tonn anortositt.

Ei slik mengd anortositt tilsvarar fem års mineraluttak ved gruveanlegget til Gudvangen Stein AS. - Dersom ein fell ned på ei avgjerd om bygging av lang tunnel vil anortositten ha ein salsverdi. Me ønskjer difor at dette aspektet vert nærare vurdert og utgreidd, seier Gunnar Söderholm i Statens vegvesen.

Tvers gjennom

Det aktive gruveområdet som i dag er i

drift i Gudvangen vann ut om lag 220 000 tonn anortositt per år. Gruveverks- emda, som ligg ved Jordalsnuten i nærleiken av det tenkte tunnelpåslaget, vert drive av Gudvangen Stein AS, eigd av Nordic Mining. Det totale omfanget av mineralet anortositt i Gudvangen er berekna til 500 millionar tonn, og vert omtala som ei av Norge sine viktigaste mineralreservar. Ein eventuell lang vegtunnel for det rasfarlege partiet som truar stamvegen i Gudvangen vil gå tvers gjennom desse mineralførekom- stane.

Salsverdi

- Overskotsmassane frå ei tunneldrift vil ha ein salsverdi. Om det er mogleg å utnytte desse massane kommersielt er ikkje vurdert av Statens vegvesen enno, men vår tilråding er at dette vert undersøkt og vurdert nærare i det vidare plan- arbeidet, seier Söderholm, som legg til at det er svært lite truleg at overskots- massane frå ei omfattande tunneldrift-

ing vil kunne deponerast innanfor land- skapsvernområdet/verdsarvområdet i Nærøydalen. Det betyr lang og kostbar transport av massane, noko som ytterlegare kan aktualisere ei fornuftig mellomlagring og kommersiell ut- nytting.

Smale og bratte

Ei innstilling til korleis ein skal kome rundt rasproblema i Nærøydalen vil truleg liggje føre i slutten av februar. Mellom anna skal det no gjerast ein del arbeid og utgreingar knytt til tunnelane i Stalheimskleiva. Desse er gamle, og stettar ikkje dagsens krav til tunnelar på eit stamvegnett. Dei er både for smale og dei er for bratte. Det er vert såleis ei vurderingssak om kor vidt det er føremålsteneleg å ruste desse opp til akseptert standard, og samstundes rassikre det om lag 200 meter lange opne partiet mellom desse tunnelane. Dersom ein byggjer ein lang tunnel vert dette partiet eliminert.

Tilgjengeleg på ein heilt annan måte

- Ein tunnel på i underkant av sju kilometer frå Nærøydalen til Fyre vil gjere anortositt-førekomstane i området tilgjengelege på ein heilt ny måte.

Det er arbeidsgruppa som jobbar med reguleringsplanen for sentrum av Gudvangen som slår fast dette. Gruppa ser eit eventuell tunellprosjekt i Nærøydalen i kombinasjon med reguleringsarbeidet ved Gudvangen sentrum og hamneområde.

Anlegg i fjell

– Aurland kommune arbeidar med ny reguleringsplan for Gudvangen. Mellom anna skal det regulerast inn ny utskipingshamn for anortositt. Til dette er det i kommuneplan sett av eit område om lag

ein kilometer utanfor innslaget til Gudvangatunnelen. Her er det planar om eit anlegg i fjell, og kostnaden med dette er så høg at ein vil vere avhengig av at meir mineral vert skipa ut enn det som er tilfelle i dag, seier sekretær for reguleringsarbeidet i Gudvangen, John Johnsen, som på vegne av arbeidsgruppa peikar på at bygging av ein ny vegtunnel på fem kilometer også vil gjere tilkomsten til mineralførekomstane tilgjengelege på ein heilt ny måte. – Utsprengd tunnelstein vil utgjere om lag ein million tonn mineral. Det er klart at det bør vurderast nøye om det er mogleg å nytte dette kommersielt, seier Johnsen. Dei siste åra har det vorte skipa ut mellom 200 000 – 250 000 tonn anortositt frå Gudvangen Stein AS sitt gruveområde ved Jordalsnuten i Gudvangen. Målet for eigarverksemda Nordic Mining er å auke utskipa volum til 500 000 tonn.

Sju millionar årleg

Det har over tid vore forska på korleis ein kan nyttiggjere større delar av mineralførekomstane i Nærøydalen. Mellom anna har det vorte presentert planar for utvinning av heile sju millionar tonn mineral årleg. Dette skulle gjerast gjennom bygging av eigne transporthallar i fjell, til ny utskipingshamn ved fjorden. I reguleringsplanarbeidet som no pågår vert eit nytt hamnealternativ utanfor Ramsøy vurdert. Tanken er avkøyring til dette anlegget frå Gudvangatunnelen.

Anortositten er kvit og inneheld, med litt avvik, 30% aluminium, 50% silisium og resten kalsium. Fordelinga varierer noko alt etter kvar i førekomsten ein er. Av dagens utvinning av anortositt går 80% til som råstoff til mineralull (vanleg veggisolasjon) til fabrikkar rundt om i Nord Europa. Resten vert til dømes nytta til vegdekke og fasadestein.

- Ønskjer å bidra

- Får me spørsmål om å bidra i eit utgreiingsarbeid med tanke på å utnytte mineralførekostar frå ein eventuell ny vegtunnel er svaret vårt eit klart ja, seier styreleiar i Gudvangen Stein AS, Ottar Nakken.

Gudvangen Stein AS driv gruveaktiviteten sin kloss i rasområdet ved Hylland i Nærøydalen. Verksemda sere med interesse på å delta i eit eventuelt utgreiingsarbeid med tanke på å utnytte utsprengde mineralførekostar frå eit vegtunnelanlegg.

Knusast og fraktast

– For det første ser me svært positivt på det arbeidet som er sett i gang for å etablere ein sikker og trygg veg gjennom Nærøydalen. Det er viktig for alle, også oss som driv næringsverksemd i området, seier Ottar Nakken, som kjem til å svare ja dersom Gudvangen Stein AS vert spurde om å delta i ei planlegging av korleis store mineralførekostar



GRUVEANLEGG: Dagens gruveaktivitet ligg nær rasområdet ved Hylland i Gudvangen. – Dersom det vert bygt tunnel forbi rasområdet vil det vere ufornuftig å ikkje nytte seg av anortositt ressursen, seier styreleiar i Gudvangen Stein AS, Ottar Nakken.

eventuelt kan handterast. – Me vil meir enn gjerne bidra i ei eit slik utgreiingsarbeid, seier Nakken, som meiner det er vanskeleg å stipulere noko eksakt salsverdi av eit såpass massivt mineraluttak som vil følgje med eit sju kilometer langt tunnelanlegg. – Det vil også hefte mykje utgifter til dette. Eigna lager må etablerast, steinen må knusast og kanskje fraktast i to – tre omgangar, seier

Nakken, som på generelt grunnlag seier at det vil vere lite føremålstenleg å kaste vekk ein slik ressurs. – Det vil vere ufornuftig, seier Nakken, som ikkje trur fjellmassivet mellom Hyllandshovden og Fyre berre vil by på rein anortositt. – Eg er skeptisk til å tru at alt vil vere anortositt. Det vil nok også vere parti med vanleg fjell, gråberg, som ikkje kan seljast, seier Ottar Nakken.